



# Referat årsmøte i Bergen Klatreklubb

27. april 2021

## Innleiing

Ove Landro ynskjer velkommen til Årets Styremøte frå Vestveggen, saman med Erik Faugstad, Aagot Caroline Nilssen og Erlend Sunde frå styret, samt dagleg leiar for Bergen Klatreklubb Remi Småland og ordstyrar Odd Magne Øgreid.

Møtet vart gjennomført over videomøtetenesta Zoom, taletid vart booka gjennom melding og avstemming vart gjennomført via handsoppretting i programmet.

## Saksliste

### 1. Godkjenne dei stemmeberettiga.

**Vedtak:** Årsmøtet godkjenner at dei påmeldte som har betalt medlemskapsavgift til klubben har stemmerett, med unntak av dei som er tilsett med ei stilling ut over 20%. I møtet var det 26 personar registrert med stemmerett.

### 2. Val av dirigent.

**Vedtak:** Årsmøtet vel Odd Magne Øgreid til dirigent for årsmøtet utan motsegner.

### 3. Val av protokollfører.

**Vedtak:** Årsmøtet vel Henning Monsen som protokollfører utan motsegner.

### 4. Val av to medlemmar til å underskrive protokollen.

**Vedtak:** Årsmøtet vel Håvard Skibenes og Kristian Gjerding til å underskrive protokollen utan kommentarar.

### 5. Godkjenne innkallinga.

**Vedtak:** Dei frammøtte godkjenner innkallinga, utan kommentarar.

### 6. Godkjenne saklista.

Sakslista godkjennast med følgande endringar: Det føres på eit nytt punkt til sakslista: «punkt 15: val av revisor». Saka vart ført til etter at siste versjon av sakslista vart publisert.

Håvard Skibenes ber om presisering av sak 10b og ber om løyve for å legge fram eit skriftleg endringsforslag når møtet tar føre seg dette punktet.

**Vedtak:** Årsmøtet godkjenner sakslista med desse tillegga.

## 7. Godkjenning av forretningsorden.

Alle som vil seie noko skriv namnet sitt i «chatten» for å be om ordet. Dette for å ivareta rekkefølge. Ved val stemmes det med handsopprekkingsfunksjonen.

Kommentar til godkjenning av foretningsorden:

Forretningsorden og organisasjonsplan burde vært sendt ut på førehand. Dette bes takast med til neste årsmøtet.

**Vedtak:** Forretningsorden godkjennes som den står over. Med mogleghet for endringar undervegs i møtet ved behov.

## 8. Behandle idrettslagets årsberetning.

Årsmeldinga presenterast av Erlend Sunde og kan lastast ned og lesast i sin heilskap her:

[årsmelding 2020](#)

Kommentarar til årsmeldinga:

Lars Mjaavatn kommenterer at det er gledeleg at det er gått mange nye ruter på naturleg sikring. Han reagerer likevel på at det er etablert mange nye bolta ruter og boltefelt, medan det har vært lite arbeid med rebotling og vedlikehald på allereie eksisterande ruter og felt. Det stilles spørsmålsteikn om vi skal endre praksis og ta vare på dei rutene vi har i dag framfor å ekspandere i det tempoet som 2020 har hatt. Erlend Sunde frå styret svarar at det ikkje har vært utfordrande å halde rebotlingsdugnadar grunna korona og at det oss bekjent ikkje er eit etterslep på rebotling og vedlikehald pt. Gunnar Karlsen informerer om arbeidet i klubben med å utarbeide ein boltestrategi der utvikling versus vedlikehald er eit sentralt tema. Han forsette med å beskrive ein mogleg årsak til auken i år med utviklinga av eit konkret og større felt som har stått for 60 av 99 ruter. Eivind Flobakk kommenterer også på utviklinga og etterlyser ein prinsipiell drøfting av kriteria for utvikling av nye felt og etterlyser ein meir restriktiv strategi for å ivareta kvaliteten på feltene og ikkje ekspandere for ekspansjonens skuld. Han viser til det større politiske bilete i dag med oppretting av via ferrate versus ynksje om å behalde naturen urørt og NIF sitt standpunkt om å avgrense bruk av boltar og «sporlaus ferdsløse». Han tar vidare til orde for at det opprettast kanalar mellom medlemmar og komitéen som skal utvikle vår boltestrategi. Lars Mjaavatn støtter dette. Det løftes fram behov for ei restriktiv linje som prioriterer å la være å bolte der det er mogleg å gå ruter på naturleg sikring.

Håvard Skibenes rosar dei som har arbeida med utarbeiding av ny profil og trekk dette fram som eit viktig arbeid utført på ein god måte.

**Vedtak:** Årsmøtet godkjenner årsmeldinga med desse kommentarane.

## 9. Behandle idrettslagets rekneskap, styrets økonomiske beretning og kontrollutvalets beretning.

Punktet presenterast av styrets leiar Ove Landro. Dokumenta kan lastast ned og lesast i sin heilskap her: [årsrekneskap](#) og [noter til årsrekneskap 2020](#).

Det har vært eit vanskeleg år økonomisk for oss og det har kravd sær s mykje av dei tilsette i klubben. Det vektleggast sikring av likviditet som det viktigaste punktet vi har hatt i år for å hindre ein

potensiell konkurs. Tiltaka som klubben har nytta er mellom anna permitteringar av trenarar under nedstenginga og early-bird tilbod i haust. Vi har også måtte redusere investeringar i Vestveggen. Her trekkes det fram redusere mengda klatretak vi kjøpte før oppstart. Vi fann det også naudsynt å ta opp eit rentefritt lån på 1 000 000,- kroner frå Åsane Arena for å sikre betalingsevne av lønningar i november.

Kommentarar til årsrekneskap og økonomisk beretning:

Det ligg ikkje klart ei beretning av kontrollutvalet. Det bes difor om at denne presenterast i etterkant når den er ferdigstilt. Dette medfører at beretninga gjerest tilgjengeleg for alle medlemmar slik at det kan kallast inn til ekstraordinært årsmøte dersom det kjem fram vesentlege manglar.

**Vedtak:** Årsrekneskapen godkjennast av årsmøtet med desse kommentarane.

## 10. Behandle forslag og saker.

### a) Valg av kandidater til styreverv for toårsperioder fra og med 2021

Dokumentet kan lesast i sin heilskap her: [val av kandidatar](#)

Eivind Flobakk presenterer saken. Hovudpunktet er at styrets 10 deltakarar stiller for eit år om gangen og dette kan vera ei utfordring for kontinuiteten til klubben, samt at det påverkar arbeidsmengda til valkomiteen. Det foreslåast difor at vi vedtar at styremedlemmar i Bergen Klatreklubb blir valt for 2 år om gongen.

Årsmøtet stemmer over om vi skal innstille 5 styremedlemmar i år for 2 år og 5 for 1 år. For så i seinare val velje styremedlemmer for 2 år. Dette kan vera ein praksis som ikkje er nedfelt i lov.

Kommentar til saka:

Lars Mjaavatn etterspør om det er reglar for kor mange periodar ein kan sitte i styret. Det er det ikkje per no. Han ber om at eit tak på talet periodar ein person kan sitte utreies.

Erik Faugstad beskriv kort prosessen der NIF sine juristar er blitt konferert i prosessen og at desse har støtta at val for 2-årsperiodar kan vera ein praksis i klubben, uavhengig av lovtekst. Dokumentasjon på denne dialogen er ikkje presentert for årsmøtet.

Odd Magne Øgreid ber om at saken utsettast til dokumentasjon frå NIF om i kva grad denne endringa er lovleg blir presentert. I praksis vil dette vera neste årsmøte. Dette forslaget blir ikkje tatt til følge.

Erik Faugstad bekreftar at styret stiller seg bak forslaget slik det no er presentert, etter at saken vart drøfta med NIF.

Eivind Flobakk presiser saksgang og at det frå NIF si side er støtte for endring av praksis og ei eventuell lovendring.

Det stemmes over forslaget: 22 av 26 stemmer for.

**Vedtak:** Årsmøtet vedtar at nye styremedlemmer blir valgt for ein periode på 2 år.

## b) Endring av lovtekst for å lovfeste valg av styreverv for to år ad gangen

Det er komme inn eit alternativ til forslag til lovtekst under møtet. Dette presenteres av Håvard Skibenes og blir lagt i chatten for samanlikning med det opprinnelege.

*«Styre med leder, nestleder, 6 styremedlemmer og 2 varamedlemmer.*

*Hele styret, inkludert varamedlemmer, velges for 2 år om gangen. For å sikre kontinuitet i styret velges halve styret i oddetallsår (styrets leder, 3 styremedlemmer og 1 vara) og halve styret i partallsår (nestleder, 3 styremedlemmer og 1 vara).*

*Som en overgangsordning i 2021 velges nestleder, 3 styremedlemmer og 1 vara for ett år».*

Etter drøftingar der hovudpoenget går på at utforminga i nytt forslag inneheld bakgrunnsinformasjon som ikkje skal vera med i ei lov, trekkast det nye forslaget og det fyrste forslaget blir stemt over.

Forslaget frå valkomiteen fekk 23 stemmer av 26 og får såleis meir enn 2/3 fleirtal.

**Vedtak:** Årsmøtet vedtar forslaget frå valkomiteen om lovendring og klubbens lov § 16: Årsmøtets oppgaver oppdaterast med følgande setning i punkt 14 ledd a:

*«Styre med leder, nestleder, 6 styremedlemmer og 2 varamedlemmer. Hele styret, inkludert varamedlemmer, velges for 2 år ad gangen».*

## 11. Fastsette medlemskontingent på minst kr 50,- og treningsavgift, eller gi fullmakt til å fastsette treningsavgifter.

Styret og administrasjon foreslår nye prisar i 2021: Medlemspris vaksne: 300,- kroner. Medlemskap barn 150,- kroner. Familiemedlemskap: 300 for hovudmedlem og 150 for dei påfølgande medlemmane.

Kommentarar til saka:

Alexander Jansen kommentarar om dagleg leiar kan få ei slik fullmakt, då styret er klubben sitt øvste maktorgan. Følgande presisering tas med: «Styret saman med dagleg leiar får fullmakt til å fastsette treningsavgifter».

**Vedtak:** Forslaget med presisering om at det er styret saman med dagleg leiar som gis fullmakt vedtas av årsmøtet.

## 12. Vedta idrettslagets budsjett.

Budsjett med kommentarar kan ein finne her: [budsjett 2021](#)

Overordna ser vi at etter ein dårleg start på året grunna korona kan det sjå ut som at vi kan ende med eit lite overskot på slutten av året. Grunna manglande erfaring med drift av Vestveggen er budsjettet basert på kvalifisert gjetting ut frå drift av alle våre anlegg i mars, samt tidlegare erfaringar med utviklinga i inntekter frå vår og haustsemester. Det prioriteres å balansere utgifter ut frå utgifter, gitt usikkerheten som er i samfunnet. Strategidokumentet til klubben er ikkje tatt hensyn til i dette budsjettet grunna dette.

#### Kommentarar til budsjett 2021:

Alexander Jansen ber om informasjon knytt til punktet om medlemskontingent – viss ikkje må vi doble talet på medlemmar. Er dette realistisk? Remi Småland svarer at vi allereie i år har komme til 1750 medlemmar mot fjorårets 950.

Håvard Skibenes ber administrasjonen nytte potten «diverse» på marknadsføring slik at Bergen blir ein klatredestinasjon også for områda rundt Bergen. Remi kommenterer at dette er ei klar målsetting for oss og innspelet på å nytte nokre midlar til marknadsføring blir motteke med takk.

Eivind Flobakk ser med glede at det er satt av midlar til sosial aktivitet og oppfordrar til at klubben gjennomfører utandørs arrangement i påvente av løyve til å gjennomføre slikt innomhus.

Aagot Caroline Nilsen ber medlemmer å stille i sosial-komiteen for å hjelpe oss å realisere alle arrangementa vi ynskjer å tilby våre medlemmer.

Erik Løvby ber om ei presisering av lønnsutgifter på 7,5 millionar. Remi Småland informera om at utgiftene knyta til bemanningsplan som vart vedtatt årsmøte i fjor, der største del dekker lønnsutgifter til vestveggen. Dette vil tilsvara 16 årsverk ved utgangen av 2021.

**Vedtak:** Budsjettet for 2021 blir vedtatt av årsmøtet

### 13. Behandle idrettslagets organisasjonsplan.

Organisasjonsplanen er identisk med fjorårets.

#### Kommentarar til saka:

Eivind Flobakk etterlyser gjennomgang av strategiplan og at måloppnåing hadde blitt belyst saman med endringar. Styret kommenterer at dette er ynskjeleg i framtida.

Odd Magne Øgreid meiner at styret burde ha presentert strategiplanen for året og korleis klubben skal jobbe. Ikkje eit organisasjonskart.

Styret tar kritikk for å ikkje publisere strategiplan saman med dei andre dokumenta og at dette vil vi komme attende til ved neste årsmøte. Eventuelt ved neste medlemsmøte.

**Vedtak:** Årsmøtet tar organisasjonsplanen til etterretning i år og etterlyser meir utfyllande og tettare samanstilling med strategiplan.

### 14. Foreta følgende valg:

a) Styre med leder, nestleder, 6 styremedlemmer og 2 varamedlemmer.

Arbeidet med årets val presenterast av Erik Løvby. Og følgende forslag er lagt fram for årsmøte:

Styret:

Leiar: Ove Landro (velges for 2 år)

Nestleiar: Ågot Caroline Nilssen (1 år)

Styremedlemmer: Ana Cascante (2 år), Erik Faugstad (1 år), Kristian Gjerding (2 år), Gunnar Karlsen (2 år), Magnus Kvamme (1 år), Suong Vu (1 år),

Vara:

Alexander Gaare Jansen (2 år), Øyvind Halmrast (1 år)

Presentasjon av nye styremedlemmer:

Alexander Gaare Jansen presenterer seg sjølv. Han er til vanleg dagleg leiar for IL Sandviken og har utdanning innan organisering av idrett på masternivå. Har komme til klatring etter å lenge vært plaga med fotballspeling.

Kristian Gjerding presenterer seg sjølv. Han har vært aktiv i miljøet siden 2005 og har tidligere arrangert en svært populær kortfilmfestival for klubben og gleder seg til å yte for klubben. Han presenterer også Bergens internasjonale kortfilmfestival for klatrefilmar.

Øyvind Halmrast har vært aktiv i miljøet siden 2006 og har tidligere vært med å arrangere nasjonal klatresamling på Sotra i 2009, samt arrangert klatresamling på sommeren for barn og ungdom.

Kommentarar til valet:

Alexander Gaare Jansen innstillast som første vara og Øyvind Halmrast som andre vara

**Vedtak:** Valkomiteen sitt forslag til ny styresamansetting blir vedtatt av årsmøte.

b) Kontrollutvalg med 2 medlemmer og 1 varamedlem.

Innstilling til kontrollutval:

Medlemmar: Gisle Andersen, Steinulv Årebrot

Vara: Marie Tamber

**Vedtak:** Instillinga til kontrollutval blir vedtatt av årsmøtet

c) Representanter til ting og møter i de organisasjonsledd idrettslaget har representasjonsrett eller gi styret fullmakt til å oppnevne representantene.

**Vedtak:** Styret får fullmakt av årsmøtet til å utnevne representantar til ting og møter.

d) Valgkomité med leder, to medlemmer og ett varamedlem.

Innstilling til valgkomité:

Innstilling valgkomité: Eivind Flobak (leiar)

Medlemmer: Maud Eurydice Ceuterick Erlend Sunde

Vara: Sigbjørn Melve

Vedtatt: Instillinga til valkomité blir vedtatt av årsmøtet


e) Eventuelt øvrige valg i henhold til idrettslagets organisasjonsplan.

Ingen øvrige val blir presentert.

#### 15. Val av revisor

Remi Småland foreslår at vi oppretter samarbeid med PAHR regnskap og revisjon.

**Vedtatt:** Årsmøtet vel PAHR regnskap og revisor som Bergen Klatreklubb sin revisor.



Håvard Skibenes



Kristian Gjerding